

«Datafolket forsøplar språket»

Ordføreren i Vaksdal meiner «data-språket» er ferd med å forsøpla tradisjonell offentleg språkdrakt, og at utviklinga trugar vanlege folk si forståing av offentleg informasjon.

Eirik Haga (Ap) har sett seg lei på at trendord frå fjonge, moderne organisasjonskart, lånord frå engelsk og fagtermar frå den digitale verda dyttar bort kjende og innarbeidde norske ord i den kommunale språkfloraen. No ropar han eit varsku om at sikta vert dårleg når språkskodda vert tjukk.

DEI VANLEGE ER DEI PROFFE. – Det er vanlege folk sitt språk som er det profesjonelle eller det funksjonelle språket, som data- og administrasjonsfolk må retta seg etter. I dag trur mange

at det er omvendt, men dei tek feil. Kva i all verda har ordet «lokasjon» å gjera i daglegtalet vår, når «tenestestad» gjer meir enn god nok nytte? Det gjer meg vondt når eg høyrer folk med meir enn 40 års erfaring som offentleg tilsette, vandrar i korridorane medan dei seier at dei må «byta lokasjon»! Det snik seg inn over alt. No skal det lysast etter «HR-leiar» og «HR-konsulent» medan tittelen «personalleiar og -konsulent» har fungert glimrande i alle år, torar ordføreren.

Han kallar det språkleg forsøpling når ord som «konsolidering» tek plassen til «styrking».

lokasjon
HR-konsulent
implementer
controller
validera
Q&A



HANDLAR OM IDENTITET. No tek han opp kampen for å ta vare på kjende ord, titlar, nemningar og ikkje minst nynorsken i ein stadig meir digitalisert kvardag, og han fortel at han gjer det for å ta vare på språkleg og kulturell identitet.

– Språket vårt er svært viktig av fleire årsaker, ikkje minst for å forstå kva som skjer rundt oss, og for å ta vare på eigen identitet. Med eit stadig sterkare digitalt preg, ser me også at daglegta er i endring og møter ei nesten uimotsagt utfordring. Ein av effektane er at me er i ferd med å danna eit språk som skil vanlege folk frå dei som «har forstått noko», dei som meistrar kodane. Det meiner eg er ei farleg fylgje av medvitslaus språkbruk. Det er ikkje tilsikta, men det er likevel ein feil veg å gå, seier Haga.

FJOLLETE, LATTERLEG OG FARLEG. – Det var for nokre år sidan, at eg vart merksam på dette. Vaksdal vart med i IKT-Nordhordland og det vart nytta fleire felles ferdige formulalar, mellom annan stillingslysingar. Då vart eg merksam på at lysingane ikkje nytta kjende ord som «tenestestad», men i staden diska opp med ordet «lokasjon». Vidare hadde «kommune» blitt til «selskap». Eg tenkjer at dette er ei sjuke som både er latterleg og farleg. Det er latterleg når

folk har forlest seg på arbeids- og organisasjonsteori, og kjem opp med fjollete ord og titlar som i beste fall vitnar om språkleg hjelpeløse. Og farleg, når mannen i gata og på bøen tek til å mista meining i det dei møter av informasjon frå det offentlege, seier Haga.

– Har ein gjort ny kunnskap til sin eigen, må ein krevja at ein kan gjera bruk av denne kunnskapen på eit forståeleg språk, meiner ordføraren.

Han trur innslaga av nye ord i offentleg kommunikasjon skuldast at språkrøkta er overlata til avdelingar som gjerne ikkje er meinte å driva med nettopp slike oppgåver. Resultatet, meiner Haga, er eit nytt og underleg språk med ei rekkje nye og framande ord. Han er ikkje nådig når han skal vurdera kvaliteten på det nye språket.

– Me har overlata språkrøkta til datafolka. Datafolka er flinke til det dei skal gjera, men me må passa på at språket vert halde ved like, og at offentlege skjema, dokument, lysingar og liknande vert gjort med eit skapleg språk som folk forstår. Eg meiner dette handlar om respekt for dei folka som skal lesa dokumenta og få meining ut av dei, seier Haga.

FLEIRE RØKTARAR. – Korleis vil du snu denne utviklinga?

– I ein kommune finst det fleire folk som kan hjelpa til med å halda språket skapleg, til dømes innan skuleverket. Det er fullt mogleg å få på plass meir medviten språkrøkt på tvers av avdelingar.

– Men det vil kanskje kosta pengar og krevja tid?

– Ja, det vil det kanskje, men heller det enn at folk ikkje skjønar kva som står skrive. Me må jo ta vare på språket vårt og på innbyggjarane våre, seier ordføraren.

– Det vil kosta nokre kroner å ta vare på eit funksjonelt språk, men dette er småpengar mot det dei hjelpelaust omsette formulara kostar kommunane i dag, held han fram for å møte argument om økonomi.

– Eg er frå Bergen, og har slite sjølv med å læra meg nynorsk. Det har eg gjort av respekt for dei som bur her, og det skulle berre mangla. Me kan ikkje ha ein situasjon der språket ikkje vert respektert, for dette handlar om innbyggjarane sin identitet. Kommunen er ein organisasjon som leverer tenester, og ein kvar person i framskoten posisjon har eit ansvar å ta for at dette vert gjort på beste vis. Ein kommune er og ei geografisk samling av høgst oppegåande folk som krev respekt. Difor er eg engasjert. Difor seier eg ifrå, seier ordførar Vaksdal kommune, Eirik Haga.

– Det er i gatene og på bøane det funksjonelle språket vert nytta. Dette må administrasjonane og «øvrighet» læra av, avsluttar språkrøktaren frå Vaksdal.

KARL YSTANES | tekst
VIDAR HERRE | foto
ky@avisa-hordaland.no

« Informasjon fra det offentlige skal være forståelig for alle.

SPRÅKRÅDET

Ordføraren får støtte frå mållaget

Noregs mållag jublar inderleg for utspelet til Eirik Haga, om forvirrende og unødvendig byråkratisering av språket.

– Ordføraren i Vaksdal må stå på, og han har vår fulle støtte. Eg er heilt, heilt, heilt samd med han. Unødvendig bruk av lånord frå engelsk og fagtermar breier om seg over heile landet, og me ser det særleg når det er snakk om stillingslysingar, men også elles i forvaltningspråket der stadig nye moteord har ein tendens til å fortrenge gamle norske ord. Me jobbar ikkje fyrst og fremst med dette i målrørsla, men me er samstundes alltid opptekne av å bruka norske ord i staden for låneord. Det gjeld nok både målrørsla og bokmålsrørsla, seier leiar i Noregs mållag, Marit Aakre Tennø.

Kan gjera noko sjølv

Leiaren meiner Haga og Vaksdal kommune sjølv har høve til å gjera noko.

– Reint generelt har Haga heilt rett i at det breier om seg med bruken av en-

gelsk og andre lånord, og Noreg har ein svak tradisjon for å omsetja slike ord til norsk. Men her har me alle eit ansvar, og Vaksdal står heilt fritt til å bruka dei orda dei vil. Eit tips kan også vera «Klart språk i staten», som er eit kursprogram der målet er å halda på eit klart, forståeleg og rett språk i det offentlege. Landsamanslutninga for nynorsk kommunar er også ein ressurs i denne samanhengen, seier Aakre Tennø.

For demokratiet

Mållagsleiaren meiner Haga også inne på eit viktig poeng når han er uroleg for at vanlege folk kanskje ikkje alltid forstår kva skrifa seier.

– Ja, det å gjera seg forstått, handlar om demokrati. Ein kommune bør føra eit så vanleg språk som råd er. Eirik Haga må stå på! Mållaget seier ofte frå, men det er så bra når ein ordførar i ein kommune som Vaksdal klart og tydeleg seier at «dette aksepterer me ikkje!», seier leiar i Noregs mållag, Marit Aakre Tennø.

Kva i all verda tyder ordet...

Her er ei stutt liste over ord som kan dukka opp i digital offentleg kommunikasjon:

Redundans (reserveløysing, ekstraløysing. Språkterm, som tyder noko i lei av «smør på flesk», men i IT-stammespråket vert det nytta til å omtala reserveløysingar, plan B, ekstraløysing for sårbare delar av system, for å gjera system meir stabile, eller pålitelege)

Lokasjon (stad, avdeling, plass)

HR-konsulent (stilling knytt til personalavdelinga)

Controller (kontrollør, gjerne knytt til verksemdsstyring og økonomi)

Back up (sikkerheitskopi, reserveutgåve/kopi)

Q&A (spørsmål og svar)

Benchmark (samanlikning, samanlikna)

Implementera (setja i verk, innføra, få i sving)

Konsolidera (gjera solid, styrkja)

Validera (gjera gyldig)

Drifta (driva)

Klar tale på nettet

På internett kan du laga ditt eige tåkeprat i ein «svadagenerator».

På den store verdsveven, eller internett som lånordfolket heller ville kalla det, så kan du snubla over fleire artige og ikkje minst lærerike plassar der vanskeleg språk vert freista forenkla.

Tåkeprat

Ein slik stad er Klarspråk (www.klarsprak.no). Denne nettstaden er eitt av tiltaka til prosjektet «Klart språk i staten», som vart starta i 2008 av dåverande Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD). Prosjektet var eit samarbeid mellom FAD, Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) og Språkrådet. Målet var å «arbeida med enklare språk og meir tilgjengeleg innhald i offentlege publikasjonar og brev retta mot innbyggjarar (bl.a. saman med Språkrådet)».

På www.klarsprak.no finn me også egne sider for «Tåkeprat», som er døm-

på nettopp tåkeprat og svada, og kva ein kan skriva i staden. Tåkeprat er underhaldande og lærerikt, med ei rekkje dømme frå haltande og håplaut språk, der heller ikkje aviser og andre media slepp unna. Sida har til og med ein eigen «Svadagenerator» der du kan setja saman svulmande setningar fulle av flotte trendord, som til dømes denne, som me laga: «Med tanke på en helhetlig målsetting effektueres oppfølgingen i forhold til satsingsområdet.»

Kronglutte

Elles har Språkrådet informative nettsider på sprakradet.no. Her finn me mellom anna «Kansellisten», der litt stive og kronglutte formuleringar som offentleg språk blømer av, møter Språkrådet sine forslag til greiare måtar å gjera seg forstått på.

Sjå elles nettsidene til Landssamanslutninga for nynorsk kommunar (www.lnk.no), og finn tips til klarare tale.